

FRÅ REDAKSJONEN

Med dette nummeret av *Aura* går me over frå trykt versjon av tidsskriftet, til open, digital versjon. Årsakene til dette er fleire. For det fyrste gjev den type open publisering som me har valt for *Aura*, alle interesserte lesarar fri tilgang til artiklane våre. Dette fremjar forskning og kommunikasjon, og sikrar at ingen blir hindra frå å få tilgang til forskinga på grunn av økonomi. Me har heller ikkje forfattaravgift for å publisera, og representerer dermed såkalla «diamant»-kategori av open publisering. For det andre er det eit krav frå nasjonale og internasjonale forskingsinstitusjonar, som Norges forskingsråd og ERC/Horizon 2020, at forskning finansiert av dei skal publiserast i opent tilgjengelege kanalar. For det tredje har *Aura* inntil nyleg vore distribuert som abonnement hos forskingsforeininga FINYAR sine medlemmar. I 2019 bestemte styret i FINYAR å leggja om aktiviteten frå medlemsforeining til forskingsnettverk, grunna ressursituasjonen og ei vurdering av at kommunikasjon kring forskning på nyreligiøsitet ville kunne gjennomførast i nettverkssamanheng.

Me håper denne omlegginga vil bidra til vidare bruk og deling av tidsskriftet sine artiklar. Me håper også at det kan bidra til kommunikasjon og aktivitet på vår Facebook-side. Tidlegare har tidsskriftet kome ut med eitt årleg nummer, medan planen nå er å få til to årlege nummer. På sikt vil me også leggja over dei tidlegare, trykte nummera av *Aura* til denne plattformen. Alle som ønsker å bidra med ein artikkel eller bokvurdering, kan logga seg inn på framsida av tidsskriftet, oppretta ein digital brukar og senda inn sitt bidrag, som vil bli vurdert av redaksjonen og to anonyme fagfellar.

Redaksjonen er i dag Olav Hammer, Margrethe Løøv og Anne Kalvig. Liselotte Frisk, grunnleggar av og primus motor i FINYAR, og redaktør i alle år i *FINYAR Årsskrift* og *Aura*, gjekk bort 29. oktober 2020. Det er eit stort tap for *Aura*, for forskinga på nyreligiøsitet og for alle som sto henne nær og lærte henne å kjenna. Eit minneord er publisert i denne utgåva av tidsskriftet, og me vier heile utgåva til Liselotte sitt gode minne.

Olav Hammer

Margrethe Løøv

Anne Kalvig